

## **SAK 34/15 RETTSSENTER HALLINGDAL**

### **Saksopplysning**

Ordfører Tor Magnussen har bede om at sak om felles rettssenter for Hallingdal blir sett på dagsorden til møte 26.6.2015.

Sist Regionrådet for Hallingdal handsama saka var i møte 28.2.2014, sak 11/14. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å samlokalisere tingrett og jordskifterett til eit felles rettssenter for Hallingdal.
2. Ut frå dagens lokalisering av tingrett og jordskifterett og dei prinsipp Regionrådet for Hallingdal ynskjer at skal gjelde for lokalisering, ser Regionrådet for Hallingdal det som naturleg at lokalisering av eventuelt felles rettssenter for Hallingdal enten blir Nesbyen eller Gol.
3. Regionrådet for Hallingdal deltek gjerne i møter med Domstolsadministrasjonen, for å underbygge felles standpunkt.

Etter det dagleg leiar er kjent med var representantar for Domstolsadministrasjonen (DA) på besøk hjå jordskifteretten på Gol og tingretten på Nes hausten 2014.

DA er positive til samlokalisering i Hallingdal og er på lista for "lågthengande frukter" i Justis- og beredskapsdepartementet, og vil bli prioritert gjennomført.

Det er sett ned eitt brukarutval med representantar både frå tingrett og jordskifterett. Brukarutvalet er i dialog med DA om romplan for ein samlokalisert domstol. Brukarutvalet sitt siste innspel vart sendt i midten av mai. DA skal koma med attendemeldingar i løpet av kort tid. Etter dette vil brukarutvalet gjera ei vurdering av attendemeldingar frå DA. Etter intern prosess vil DA ta kontakt med kommunane for å avklare kor lang tid det trengs for utarbeide tilbod. Etter dette vil det bli sendt ut ein offisiell tilbudsføresegn til Gol og Nes kommune, der rammene er lagt i romplan og kravspesifikasjon.

Justis- og beredskapsdepartementet sendte 5.6.2015 ut på høyring forslag om å slå saman følgjande tingrettar (lokaliseringsforslag i parentes): Aust-Telemark og Nedre Telemark tingrett (Skien), Jæren tingrett og Dalane tingrett (Sandnes), Sør-Trøndelag tingrett og Fosen tingrett (Trondheim), Modum, Eiker og Sigdal tingrett og Kongsberg tingrett (oppretthalde på Kongsberg og Hokksund), Bergen tingrett og Nordhordland tingrett (Bergen).

### **Vurdering**

Ei samlokalisering er ikkje nødvendigvis ei varig fredlysning av domstolane i Hallingdal. Men det vil utan tvil vera med å sikre domstolar i Hallingdal i mange år.

Ål 17.6.2015

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar